

## Forslag til endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning

Fastsett av Kunnskapsdepartementet XX november 2022 med heimel i lov av 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler §§ 3-6, 3-7 og 4-9. Endra ved forskrifter 2 feb 2017 nr. 117, 29 juni 2017 nr. 1065, 11 okt 2017 nr. 1770, 30 jan 2018 nr. 137, 23 nov 2018 nr. 1767, 26 nov 2019 nr. 1580 som endra ved forskrift 11 des 2019 nr. 1714, 29 mai 2020 nr. 1132, 15 des 2020 nr. 2912, 16 des 2020 nr. 2916, 22 jan 2021 nr. 211, 26 mars 2021 nr. 1039, 9 april 2021 nr. 1130, 11 juni 2021 nr. 2699, 1 des 2021 nr. 3391, 11 jan 2022 nr. 52, 15 feb 2022 nr. 256.

Rettingar: 27.01.2017 (§ 4-7 første strekpunkt), 27.02.2017 (§ 4-7, § 5-2), 31.01.2021 (teiknsetjing i lister tilpassa universell utforming)

Det er foreslått endringar i følgjande føresegner:

(Endringane i forskriftsteksten er markert med **feite bokstavar** og ~~stryk~~, avhengig om det er tillegg eller strykingar.)

Foreslåtte endringar:

### Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

*§ 4-5. Spesielle opptakskrav til enkelte økonomiske og administrative fag, fjerde og femte ledd*

(4) Bachelorstudium i samfunnsøkonomi og i ~~politisk økonomi~~ ved Universitetet i Bergen har ~~som ei forsøksordning for opptak til studieåra 2019-2020, 2020-2021, 21021-2022 og 2022-2023~~ krav om at søkjararen har minst **må dokumentere minimum** karakteren 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar). Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

**Bachelorstudium i samfunnsøkonomi kan nytte same krav for opptak etter avgjerd ved lærestaden, gjeldande frå og med opptak til studieåret 2025-26.**

(5) Bachelor of Data Science for Business ved Handelshøyskolen BI har krav om matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2).

**Bachelorstudium i økonomi, ledelse og IT ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet får same krav for opptak gjeldande frå og med opptak til studieåret 2025-26.**

### Kapittel 7. Rangering av søkjarar

*§ 7-1. Generelt om rangering og kvotar, sjette ledd*

~~(6) Ti dagar etter studiestart kan kvar institusjon, dersom det har vist seg umogleg å innkalle søkjarar i samsvar med rangeringslister, tilby ledige studieplassar til kvalifiserte søkjarar utan omsyn til rangeringa elles.~~

*§ 7-12. Rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast, tredje ledd*

~~(3) I vurderinga skal opptaksorganet leggje vekt på søkjarens reelle kvalifikasjonar for studiet, mellom anna norskkunnskapane til søkjaren.~~